

Administrasjonen hadde utarbeidd slikt svar:

«Hordaland fylkeskommune har ein strategi for innfartsparkering som slår fast at innfartsparkering er ein del av kollektivtilbodet. Målet er å auka talet på kollektivreisande og medverka til å redusera trafikk-«toppane» i rushtida. For å gjera det lett å byta til buss, ligg innfartsparkering ofte nær kollektivknutepunkt. Parkering er dei aller fleste stader eit knappheitsgode, og mange innfartsparkeringar vert fylt opp alt tidleg om morgonen. Innfartsparkering er retta mot rushtidsbaserte arbeidsreiser, og oblatordninga er difor tilrettelagt for faste reisande med periodebillett. Vi har per i dag ingen betalingsløyising for reisande med einskildbillett. Det føreligg heller ikkje ei teknisk løyising på å ta ut parkeringsoblat for å leggja i frontruta på bilen ved bruk av einskildbillett.

I Birkelandsskiftet må vi ta særleg omsyn til at det er kort veg til flyplassen. Det er ikkje ønskeleg at det som er etablert som en p-plass for kollektivreisande, i staden blir nytta som ein rimeleg utfartsparkering for flyreisande. Dette er ein grunn til at betaling basert på einskildbillett vil kunne slå uheldig ut. P-anlegget på Birkelandsskiftet er framleis i en tidleg fase. Bybanen har berre vore i drift heilt til flyplassen i eit par månader, og det er førebels for tidleg å trekkja konklusjonar om bruken av p-plassane.

Når det gjeld spørsmålet om særleg tilrettelegging av parkeringsplassar for eldre, så er dette eit universelt spørsmål som i prinsippet gjeld alle innfartsparkeringsplassane. Fylkeskommunen har ikkje lagt opp til at denne gruppa billistar skal ha særhandsaming. Eldre som er kvalifisert for det kan få parkeringsbevis for funksjonshemma av Bergen kommune.»